



MOWI ASA  
Postboks 4102 Sandviken  
5835 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## MOWI ASA - Vedtak om løyve til utfylling i sjø ved Sighaug i Vanylven kommune

---

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev MOWI ASA løyve til utfylling i sjø ved Sighaug i Vanylven kommune. Løyvet med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit gebyr på kr 35 000 for sakshandsaminga.**

---

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad send inn 11.08.2022 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Sighaug i Vanylven kommune.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette MOWI ASA løyve til utfylling i sjø ved Sighaug i Vanylven kommune. Løyvet er gjeve med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16 og i medhald av forskrift av 01.06.2004 om reduksjon av forureining (forureiningsforskrifta) § 22-6. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på die forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer lagt ved dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saken. Ein eventuell endringssøknad må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gjeve løyve til forureining betyr ikkje at det ikkje er erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79

### Bakgrunn

OSE AS sende 11.08.2022, på oppdrag frå MOWI ASA, inn ein søknad om utfylling i sjø ved MOWI sitt anlegg ved Sighaug i Vanylven kommune. Det skal fyllast ut med om lag 115 000 fm<sup>3</sup> massar i sjø for å utvide næringsarealet og leggje til rette for ei betre kai. Til utfyllinga skal det nyttast sprengstein frå



arbeidet med Stad skipstunnel, og utfyllinga er planlagt utført i 2024. Tiltaka omfattar òg nedsetting av pålar på sjøbotnen for etablering av kaia.

### **Høyring og innspel**

Søknaden var på høyring til 05.10.2022. Vi fekk inn dei fylgjande uttalene:

#### Kystverket (19.09.2022)

Kystverket er kystens samferdselsetat med ansvar for tryggleik og framkjømd i hamner, farleier og kystfarvatn. Dei gjer merksam på at tiltak i sjø kan vere søknadspliktige etter hamne- og farvasslova § 14. Det kan ikkje fattast vedtak etter hamne- og farvasslova i strid med gjeldande arealplan utan at det føreligg dispensasjon frå plan. Dei har elles ikkje vesentlege merknadar til Statsforvaltaren sin handsaming av tiltaket etter forureiningsregelverket.

### **Regulering**

«Detaljplan Sighaug akvakultur», revidert 07.09.2022, vart godkjend av kommunestyret i Vanylven kommune i samsvar med plan- og bygningslova 24.10.2022.

### **Statsforvaltarens vurdering**

Det aktuelle tiltaket har eit svært omfang og medfører risiko for spreieing av partiklar og anna miljøulempe. Vi finn at det er naudsynt med eit løyve etter forureiningslova § 11.

#### Sedimentforureining og spreieing av partiklar

STIM Miljø har utført sedimentundersøkingar for å avklare forureining og andre tilhøve på sjøbotnen i tiltaksområdet. Det vart tatt sedimentprøvar i tre stasjonar. Tungmetall vart berre påvist i tilstandsklasse I (bakgrunn), jf. rettleiaren M-608/2016, og PAH-forbindingar vart påvist i klasse I og II. TBT vart ikkje påvist i målbare konsentrasjonar i sedimentet. På bakgrunn av desse funna kan sjøbotnen i tiltaksområdet betraktast som i liten grad påverka av miljøgifter.

Med videotransekt fann STIM at sjøbotnen hadde ei «mosaikkfordeling» beståande av sandbotn, grusholdig sandbotn og grusbotten med sand, stein og blokk.

Basert på funna til konsulenten meiner vi at utfyllingstiltaket i liten grad medfører risiko for spreieing av miljøgifter. Sjøbotnen er nokså grov, men noko det må ventast at tiltaket vil medføre at reine partiklar frå sjøbotnen i nokon grad vil verte virvla opp og spreia over ein viss distanse. Det skal nyttast ei stor mengde utfyllingsmassar, og desse må òg ventast å innehalde noko finstoff.

Vi kan ikkje sjå behov for omfattande avbøtande tiltak mot spreieing av forureining og partiklar under tiltaket, men det er viktig å overvake situasjonen, jf. vilkår 5.1-5.2 og å redusere faktorar som kan medføre stor spreieing av finstoff mest mogleg, jf. vilkår 4.3-4.4. Dersom fyllmassane inneheld mykje finstoff må det gjerast tiltak for å redusere finstoffmengda. Det må berre nyttast fyllmassar som er eigna til føremålet og det må ikkje dumpast materiale som ikkje er eigna.

#### Plast og anna avfall

Utfylling i sjø med sprengstein kan medføre vesentleg marin forøpling når det er restar av sprengtråd og anna avfall i massane. Søkjaren skriv i søknaden at det truleg ikkje vil verte nytta plastikk i samband med spreinginga ved Stad skipstunnel. Vidare står det at dei skal avklare med dei ansvarlege for skipstunnel-prosjektet om det vert behov for tiltak mot plast.

Ei stor mengde sprengstein skal nyttast til utfyllinga ved Sighaug, og dersom det er mykje plastavfall i massane, vil tiltaket medføre uakseptabel marin forøpling om det ikkje vert gjort effektive tiltak for



å verte kvitt avfallet. Vilkår 4.5 i løyvet skal sikre at det ikkje skjer uakseptabel marin forøpling under utfyllinga. Dersom det viser seg at massane har vesentleg innhald av plast og anna avfall, må utfylling gjerast innanfor eit siltgardin eller ein sjeté dersom ein ikkje kan sortere ut avfallet før utfylling.

#### Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har tatt utgangspunkt i informasjon i miljørapporten vedlagt søknaden og i *Naturbasen* og Fiskeridirektoratet sitt nettbaserte kartverktøy. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og ser ingen grunn til å leggje særleg vekt på føre-var-prinsippet i denne saken, jf. § 9.

STIM Miljø har undersøkt naturmangfaldet på sjøbotnen i tiltaksområdet. Dei observerte artar som indikerer at området er «middels bølgeeksponert til beskytta». Sukkertare, trådforma algar, martaum og japansk drivtang var dominerande artar. Faunaen vart funnen å bestå av mellom anna taskekrabber, flyndrer, sylindersjøoser, kamskjell og sjøstjerner. Konsulenten skriv at funna indikerer at det ikkje er ein sårbar naturtype som er undersøkt.

I *Naturbasen* er det registrert fleire område med større tareskogförekomstar i Vanylvsfjorden. Dei næraste til tiltaksområdet er ved Brunet, om lag 700 meter unna i retning nordvest, og ved Hundneset, om lag 1,2 kilometer unna i retning søraust. Avstandane er vesentlege, og vi ventar ingen vesentleg påverknad.

I Fiskeridirektoratets kartverktøy er det, i tillegg til MOWIs anlegg ved Sighaug, registrert ein akvakulturlokalitet ved Brudevika (lokalitetsnummer 12237), om lag 1,8 kilometer nord for tiltaksområdet. Det er òg registrert ein lokalitet (nr. 45020) ved Rekvika på den andre sida av Vanylvsfjorden, om lag 2,5 kilometer sørvest for tiltaksområdet. Lenger inne i Vanylvsfjorden ligg lokalitet nr. 12233 Stokkeneset, om lag 5 kilometer sør for tiltaksområdet, og lenger ut i fjorden ligg 13845 Beitveit, om lag 7,8 kilometer nordvest for tiltaksområdet. Avstandane er betydelege, og vi ventar ingen vesentleg påverknad, men det er viktig å overvake situasjonen, jf. vilkår 5.1-5.2 i løyvet og å gjere naudsynte tiltak for å redusere finstoff og partikkelspreiing, jf. vilkår 4.3-4.4.

I dei indre delane av Vanylvsfjorden er det registrert større gytefelt for torsk, ca. 4-5 kilometer unna tiltaksområdet i retning sør og søraust. Torsken sin gyting skjer normalt i perioden februar-april. Ved Rekvika og Sandvika på den andre sida av Vanylvsfjorden, om lag 2,5 kilometer unna tiltaksområdet, er det registrert gytefelt for pigghå. Pigghåen sin gyteperiode er oppgitt til september-desember på grunn av avstanden ventast ingen vesentleg påverknad på gytefelta.

Sentralt i Vanylvsfjorden, om lag 700 meter utanfor tiltaksområdet, er det registrert større fiskeplassar for aktive og passive reiskap, i tillegg til eit større rekefelt. Ved Rekvika på den andre sida av Vanylvsfjorden, om lag 2,5 kilometer unna tiltaksområdet, er det registrert låsettingsplassar. Då avstanden er betydeleg, ventar vi ingen vesentleg påverknad.

#### Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten *Vanylvsfjorden*, som i databasen *Vann-nett* har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) ikkje utførast dersom det er risiko for at inngrepet vil medføre ein reduksjon førekomsten sin økologiske status. Det er satt vilkår i løyvet for å sikre at tiltaket utførast på ein miljømessig forsvarleg måte, og vi finn at det ikkje er sannsynleg at tiltaket vil medføre ein slik reduksjon.



## Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillét utfylling i sjø etter fastsette vilkår. Vi meiner at tiltaket ikkje vil medføre spreining av partiklar og forureining eller negativ påverknad på naturmiljøet som er uakseptabelt stor samanheld med samfunnsnytta ved tiltaket.

## **Erstatningsansvar**

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

## **Vedtak om sakshandsamingsgebyr**

Vi syner til brevet vårt frå 30.06.2022 der vi varsla eit sakshandsamingsgebyr under gebyrsats 6, jf. *Forskrift om begrenning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Som varsla plasserast saken under gebyrsats 6, noko som inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 35 000. Faktura med innbetalingsblankett vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Ressursbruk knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved fastsettinga av gebyrsats. Til denne høyrer gjennomgang og høyring av søknaden, korrespondanse med søkjaren, samt utarbeiding og ferdigstilling av løyvet, i tillegg til innsats frå ulike fagpersonar hos Statsforvaltaren.

Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga vert ikkje gjeve oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

## **Offentleggjing av løyvet**

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Dette er vårt forslag til kunngjeringstekst:

*MOWI ASA får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Sighaug i Vanylven kommune. Det skal fyllast ut med om lag 115 000 m<sup>3</sup> massar for å utvide næringsarealet og etablere ny kai. Det skal òg settast ned pålar på sjøbotnen for etablering av kaia.*

*Vedtak med løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal under «Forureining og avfall» og «Kunngjeringar».*

*Klage eller kommentarar til vedtaket kan sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan tre veker.*

## **Datoar og fristar**

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ved oppstart av tiltaket. Meldinga kan sendast på e-post til sakshandsamar ([sfmrthau@statsforvalteren.no](mailto:sfmrthau@statsforvalteren.no)).



- Løyvet er gyldig til 31.12.2025
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaket er ferdig utført.
- Måledata i miljørapporten skal registrerast i databasen *Vanmilø* innan 31.12.2022.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar - forureining

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1. Utfylling i sjø - tillatelse med vilkår

**Kopi til:**

**VANYLVEN KOMMUNE**

**Rådhusvegen 1**

**6143**

**FISKÅ**

**Løyve til utfylling i sjø ved Sighaug i Vanylven kommune**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2025**.

## Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	MOWI ASA
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Postboks 4102 Sandviken, 5835 BERGEN
Org. nummer (bedrift)	986415386 (tilhøyrar 964118191)
Lokalitet for tiltaket	Sighaug
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 314440, Y: 6890712
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 5 bnr. 12 (m.flr.)
Kommune tiltaket utførast i	Vanylven

## Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>	ePhorte
2022.0652.T	1511.0046.01	4	2022/817
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
01.11.2022	-	-	

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

<sup>1</sup> Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

**1. Verkeområde for løyvet**

Løyvet omfattar utfylling med om lag 115 000 fm<sup>3</sup> reine massar Sighaug i Vanylven kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet. Løyvet omfattar òg nedsetting av pålar på sjøbotnen for etablering av kai.

**2. Generelle vilkår**

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden innsendt 11.08.2022 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitens vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

**3. Internkontroll, beredskap og varsling**

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.



- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som fylgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2016).

#### 4. Utfylling i sjø og nedsetting av pålar på sjøbotnen

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden og i tråd med reguleringsbestemmingane for området.
- 4.3 Det skal nyttast metodar for utfylling og nedsetting av pålar på sjøbotnen som minimerer faren for uheldig spreining av partiklar og forureining. Dersom utfyllingsmassane har mykje finstoff i seg, som kan gjeve uheldig blakking av sjøvatnet, skal det gjerast tiltak etter behov, som spyling eller anna rensing, for å redusere finstoffmengda før dei nyttast til utfylling.
- 4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere eigna til føremålet. Det er ikkje lov å fyller ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreining av sprengtrådrester og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense eller oppsamling frå vassflata. Dersom massane har vesentleg innhald av sprengtrådrester eller anna avfall, må utfylling berre gjerast innanfor eit siltgardin eller ein





sjeté som effektivt hindrar spreieing av avfallet ut frå tiltaksområdet og der avfallet lett kan samlast opp.

4.6 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreieing av partiklar.

## 5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet i samhøve med eit kontrollprogram. Kontrollprogrammet skal inngå i verksemdas internkontrollsystem. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreieing av forureining og avfall som fylgje av tiltaket.

5.2 Tiltaket skal overvakast visuelt med fokus på å avdekke uakseptabel spreieing av plast og anna avfall eller stor spreieing av partiklar. Dersom overvakinga viser at dei avbøtande tiltaka ikkje fungerer etter hensikta slik at det skjer uakseptabel spreieing av avfall eller partiklar, må dei avbøtande tiltaka styrkast eller Statsforvaltaren kontaktast.

## 6. Rapportering

6.1 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå STIM Miljø sin rapport nr. 346-2022 med dato 24.05.2022) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* **innan 31.12.2022**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Ei skildring av tiltaka som vart gjort for å unngå forureining, uheldig partikkelspreieing og anna negativ påverknad på miljøet
- Eventuelle avvik frå løyvet eller uheldige hendingar med påverknad på miljøet eller forureiningssituasjonen, og korleis eventuelle uheldige hendingar vart handsama.